

NotatDato: 09.10.2018
Arkivsak: 2018/14820-1
Saksbehandlar: hanglop1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Statsbudsjettet 2019: Forslag om 21,5 mill. kroner (45,8%) reduksjon i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i Statsbudsjettet for 2019 varsla at Hordaland fylkeskommune får redusert rammene i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk med 21,5 mill. kroner. Dei føreslegne endringane, samt ei kort beskriving av dei ulike postane er lista opp under:

Statsbudsjettet (kap, post)	2018	2019	Reduksjon (kroner)	Reduksjon (%)
550.62	23,3 mill. kr	21,8 mill. kr	1,5 mill. kr	6,4 %
550.64	7,6 mill. kr	1,6 mill. kr	6,0 mill. kr	78,9 %
553.60	7,0 mill. kr	2,0 mill. kr	5,0 mill. kr	71,4 %
553.63				
553.65	9,0 mill. kr		9,0 mill. kr	100 %
Total ramme	46,9 mill. kr	25,4 mill. kr	21,5 mill. kr	45,8 %

Kap. 550, post 62 Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene

Regjeringa foreslår ei løyving på 453,1 mill. kroner. Dette er ein nedgang på 34,6 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Løyvinga skal nyttast innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. I Hordaland gjeld dette kommunane Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Etne.

Kap. 550, post 64 Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn

Regjeringa foreslår ei løyving på 50,0 mill. kroner. Dette er ein nedgang på 104,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Sidan løyvinga er redusert, vil innsatsen bli konsentrert om dei 10 fylkeskommunane som har flest kommunar med distriktsutfordringar. Distriktsindeksen blir nytta til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane, og tar utgangspunkt i dei 120 kommunane med dei største distriktsutfordringane. Fordelinga blir gjort med ei vekting der fylkeskommunane får eit større beløp per innbyggjar i kommunar med størst distriktsutfordringar.

Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse

Regjeringa foreslår ei løyving på 47,0 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 95,0 mill. kroner frå saldert budsjett for 2018. Alle fylkeskommunane får ei ramme på 2,0 mill. kroner (Trøndelag får 4,0 mill. kroner). Finnmark, Nordland og Troms fylkeskommunar får 3,0 mill. kroner ekstra til å forsterke arbeidet med å mobilisere bedrifter til kompetanseutvikling av tilsette gjennom etter- og vidareutdanning.

Kap. 553, post 65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet

Regjeringa foreslår ei løyving på 79,9 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 32,1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2018. Av løyvinga er 15,0 mill. kroner ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Andøy kommune. Regjeringa vil bidra med ytterlegare 35 mill. kroner utover forslaget i statsbudsjettet for 2019 til omstilling i Andøy kommune. Regjeringa legg til grunn at også Nordland fylkeskommune bidrar med ressursar til omstillingsarbeidet. Løyvinga inkluderer også 13 mill. kroner til Innovasjon Noreg som er nasjonalt kompetanseorgan for lokal og regional omstilling.

Dersom Statsbudsjettet 2019 blir vedtatt slik det er framlagt, vil det få konsekvensar for dei økonomiske rammene i «*Handlingsprogram for næring- og samfunnsutvikling i Hordaland 2019*»

Vedlegg: Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2019 - programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk - førebels rammer – Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 8. oktober 2018